

---

Vår referanse	2021/49705-10
Dato	13.12.2021
Sakshandsamar	Trond Wahl
Telefon	40916223
E-post	Trond.olav.wahl@vlfk.no


---

Kvam herad

## Stadion Laks AS - Søknad om etablering på lokalitet Djupevika i Kvam herad

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 06.10.2021 med supplerande informasjon av 12.12 2021 frå Stadion Laks AS om etablering på lokalitet Djupevik i Kvam herad.

Stadion laks AS søker med dette om å endre eksisterande anlegg ved lokalitet Djupevik innanfor området som er avsett til akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. Søknaden inneber kapasitetsauke på 299 tonn for å kunne plassere utviklingskonsesjon til semi-lukka anlegg med slamoppsamling på lokaliteten.



Figur syner plassering av ny del på lokaliteten.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskriftena. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskriftena.

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Kvam herad vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søker, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Søker ber om at følgjande dokument vert unntatt offentlighet jf. offl. § 14 1. ledd, interne dokument;

-  UO - 20-11-04 Risikovurdering Fiskehelse.pdf
-  UO - 20-11-04 Risikovurdering Fiskevelferd.pdf
-  UO - Beredskapsplan Sykdom og masseddød inkl. alger og maneter-5.pdf
-  UO - Daglige rutiner inkl. ved uvær.pdf
-  UO - Risikoanalyse 2020 06 25.pdf

Med helsing

Trond Olav Wahl  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift*